



Ein av gevinstane er eit digert lappeteppe

- Vi klarer oss, seier Venke Vetrhus i økonominemda for bygdas populære kor Røysterett for alle. Ho kjem med denne positive meldinga etter mange rykte om økonomiproblem. Saman med Brit Helen Hauan i same nemnd har ho i dag lokka Spar-kundar til å kjøpa lodd framfor basaren på Helgheim 22 oktober. Loddsalet har gått strykande, men så har da også songarane lokka med fine og gedigne gevinstar: Stort lappeteppe, hekla genser, lappeteppe for baby, hekladuk, bunadsokker for vaksne og gåvekort på mold, for å nemna det meste.

Det er tredje året på rad koret har basar. Ei anna sikker inntektskjelde er vedproduksjon og den er gjennomført også dette året. Men framleis er nokre sekkar uselde, så her er det sjansar til å sikra vinterveden. opplysar damene i økonominemnda.

Truleg vil dei vere å treffa på Spar også om ei veke, men det er mange som står i loddalkø....

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen